



# KYRKJEBLAD

*For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen*



*Konfirmantleir på Gjennestad*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31

Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid

[www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)



### Kyrkjeverje

Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggtveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



### Sokneprest

Møyfrid Lunde  
Kontor tlf: 35 06 81 32  
Mobil tlf: 46 90 72 31  
[prest@kyrkjetrappa.no](mailto:prest@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48  
[kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



### Organist

Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



### Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Knut Ove Lofstad  
Kontor: 35 06 81 28  
Mobil tlf: 99 61 65 26  
[tru@kyrkjetrappa.no](mailto:tru@kyrkjetrappa.no)



### Prostidiakon

Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

## Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.  
Framsida: Konfirmantar frå Øvre Telemark  
på leir på Gjennestad i Stokke, foto: Møyfrid  
Lunde. Utforming og trykk: ETN Grafisk

## Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648

Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Ei lykt i haustmørkeret

Hausten med dei lange mørke kveldane gjev tid og rom for aktivitet innomhus som vi kanskje ikkje har tatt oss like mykje tid til gjennom sommaren. Nokon ser fram til denne årstida med den kos vi kan skape heime for dei nærmaste. Handarbeid og hobbyar får kome til sin rett.

Men eg vil gjerne kaste inn eit forslag til noko meir du kan nytta hausten til. Bibelen er ein heilt spesiell samling av bøker som du minst ein gong i livet bør ta deg tid til å gjera deg kjent med.

Nokon likar å lese krim, andre les helst kjærleiksromanar eller historiske romanar. Nokon liker poesi. Kanskje les du helst biografiar og personlege brev, lesarinnlegg i avisar eller sjølvhjelplitteratur? Bibelen er ei samling av så ulike bøker at du kan finna alt dette og meir til der.

Om du ser film eller seriar, hører på musikk eller studerer kunst vil du finne utruleg mange referansar som kjem frå tekstar i Bibelen. Kjenner du Bibelen, kan du derfor få eit mykje større utbyte, forståing og oppleving av verda rundt deg.

Dette er likevel ikkje den viktigaste grunnen til å opna Bibelen sjølv. For tenk om du fann sanning som du ikkje kan finne andre stader. Tenk om livet ditt fekk ny meaning.

Over heile verda les menneske Bibelen og finn meaning, tru, von for framtida, trøyst, kvile, retning for livet, vegleiing, utfordringar og oppmuntringar der.

Mange finn òg ein person bak mange av desse orda. I ei av bøkene, evangeliet etter Johannes, vert personen Jesus kalla Ordet. Mange opplever at Jesus taler til oss når vi les orda hans. Slik kan det å lese i Bibelen gjeve eit møte med Gud sjølv.

Anten du trur på Jesus eller ikkje, vil eg alltså oppmuntre deg til å finne fram ein Bibel i haust.

Kyrkjja eller dei kristne er ikkje Gud. Kyrkja og dei kristne er dei som har oppdagat at dei treng Jesus. Difor må vi gå til kjelda for trua for å få kunnskap om Gud – slik Jesus har openberra seg i historia – og slik hans nærmaste den gong har vitna om han.

Eit lesetips er å hugse på at dette ikkje er ei bok, men mange bøker. Du bør starta med eit av dei fire evangelia som fortel om Jesu liv og lære. Les du vidare i det nye testamentet kan du lese om dei fyrste tilhengarane av denne trua, og dei spørsmål og utfordringar dei møtte. Om du kjenner det nye testamentet, kan du få større forståing av tekstane ved å lese kva som ligg bak i det gamle testamentet. Vi kan finne ein rød tråd gjennom dei ulike bøkene i Bibelen. Men utan Jesu ord kan vi fort gå oss vill i tekstane.

«Ditt ord er ei lykt for mi fot og eit lys for min stig» (Salme 119,105) God lesehaust!

Tekst: sokneprest Møyfrid Lunde

# Gud er der og tek vare på meg

*Når Kyrkjebladet kjem for å intervju Marit Sørby i Vrådal, er det faktisk på sjølve 70-årsdagen hennar. Feiringa har vore i helga, men vi kan gratulere med jubileet på dagen. På den, attpå til ved eit rundt tal, er det ikkje unaturleg å tenkje på livet i eit vidt perspektiv. «Du verden så heldig eg er. Eg kjenner meg privilegert. Eg har opplevd mange ting i livet, men Gud har vore med meg og støtta meg når eg har trengt det. Eg er takknemleg for livet og for det flotte landet vi bur i.»*

Tekst og foto: Øyvind A. Jørgensen



## Frå Nøtterøy til Vrådal

Marit er fødd og oppvaksen på Nøtterøy med mor og far og tre brør. Den eldste sonen hennar, Tor Eivind, bur i distriktet der med familien sin no. Marit budde nokre år i Fyresdal før ho kom til Vrådal i 1990. Her fekk ho tvillingane Charlotte og Henriette, som er vaksne og har flytta ut.

Marit har alltid lika å gjere ting med hendene. «Eg hadde lyst til å gå på Gloppe

husflidskole, men mamma og pappa meinte eg ikkje kunne leve av det, så eg utdanna meg til sjukepleiar i Tønsberg.» I Fyresdal byrja Marit med rekneskap. «Eg likar å jobbe med tal.»

## Aktiv dame

Om det ikkje blei noko utdanning i husflid, har ho teke det att til fulle som fritidssyssel. I tillegg til strikking og hekling har ho brodert og montert over femti bunader. «No er eg 70, men så lenge helsa er som no, må eg ha noko å gjere. Eg er ikkje flink til å sitte stille.» Marit er også i drivhuset sitt og dyrkar tomatar, paprika, aubergine og agurkar, og ho er veldig glad i å vere i naturen. «Eg går gjerne ein tur i skogen med bikkja kvar dag der eg bur, og så elskar eg å gå i fjellet. I sommar var vi på Gaustablikk. Då gjekk vi rundt Kvitätavatn og i fjella rundt. Fjellet er fantastisk. Eg er så takksam for å få oppleve det. Og så har døtrene mine gjeve meg ein flott fødselsdagspresang, pilegrimsvandring i Spania saman med dei. Den ser eg fram til.»

## Ei tru som ber

For Marit er den kristne trua like naturleg som livet sjølv. «Eg vaks opp i ein kristen heim, og Frikyrkja i Tønsberg var ein plass vi høyrd til. Der var det også eit trygt og godt ungdomsmiljø. Eg var med i sundagsskulen, junior og songkor. Annankvar laurdag var ungdomen i Frikyrkja og Indremisjonen saman, så då var vi ein stor flokk.»

Livet har ikkje alltid gått på skinner for Marit. «Veldig ofte har eg tenkt at eg ikkje er bra nok, men heldigvis trur eg på ein nådig Gud, og Jesus vart krossfest for alt det galne vi menneske har gjort.» Trua har nok vore sterkare og svakare for Marit til ulike tider, men tvil, det har ho ikkje hatt. «Nei, veit du, eg er så sikker på at Gud er der og tek vare på meg, det sit som spikra.»

Guds omsorg og støtte er i sentrum for Marit si tru. «Eg har hatt vonde dagar. Det verste var å miste Torbjørn som eg fekk i Fyresdal i 1985. Han var tre og ein halv månad gammal. Hadde eg ikkje hatt Gud med meg då, hadde eg ikkje klart meg. Eg kunne ha blitt rasande på Gud for at han lét det skje, men eg sa til han: 'Du ser meir enn eg, du må hjelpe meg gjennom denne tida.' Og eg opplevde at han hjalp meg og bar meg.»

## Kristeleg arbeid

«Då jentene mine var så store at det var tid for sundagsskule, hadde vi ikkje det i Vrådal. Men kunne eg starte sundags-skule? Eg fekk med meg Kjetil Jørgensen. Om det kom 13-14, ville det vere fan-



tastisk, tenkte vi, og så kom det 35 born. Eg syntest det var så fint å kome saman og syngje og høre om Jesus og dra på leirar. At 50 personar frå Vrådal var med på den store sundagsskuleturen til Frederikshavn med Peter Wessel, var ei stor oppleving. Då laga vi vår eiga fane med figurar av filt.

Marit har også vore med i styret i Bedehuset, og ho er med i diakoniutvalet. «Dei fleste har det bra, men mange har behov for meir kontakt. Då er det godt å gjere noko for dei som ikkje har det så godt som ein sjølv. Noko av det koselegaste eg er med på, er festane for bebuane på Lundenjordet.»

## Soknerådet

Marit er nestleiar i Kviteseid sokneråd. «Dette er eit veldig viktig organ, med ansvar for kyrkjene og kyrkjegardane, dei tilsette og kyrkjelydsarbeidet. Eg hadde nok ynskt at det vart meir tid til å arbeide



med den kristelege aktiviteten, men økonomi og administrasjon krev naturlig nok sitt. Eg vil seie at dei tilsette er flinke med drift og vedlikehald, og kommunen delar så godt dei kan med oss av dei midlane som er. Det som er mest presserande i Vrådal kyrkje no, er å få fornya utgangsdøra der lauvet blæs inn i sprekken.

### Kyrkja i Vrådal

Marit er med i kyrkjelydsutvalet i Vrådal i sin andre periode. Dette er ei oppgåve ho brenn for. Når det er messe på den gamle kyrkjegarden, kokar ho graut. «Eg synest et er veldig viktig å ta vare på den gamle kyrkjegarden. Dette er ein verdifull arv for bygda, både kyrkjeleg og kulturelt.»

I år har ho også pussa opp dåpssakristiet saman med Astrid Breivik. «Det var kjempegøy. Det sto att litt pengar frå sundagsskulen. Dei kunne vi bruke til å gjere det trivelegare for dei som kjem med borna til dåp.» Marit tenker også på messehakelen som blei øydelagt av mus. No er ein ny, til dels kopi, under arbeid. «Om nokon har lyst til å sponse den, er det fint.»

Framfor alt brenn Marit for gudstenes-telivet. «Eg ynskjer at fleire vil kome til kyrkja og at vi kan ha ein levande kyrkjelyd her. Alle menneske treng kyrkja ved visse høve, men eg ynskjer at folk vil bruke kyrkja jamleg og at dei skal oppleve det gode i den kristne trua.»

# Ny ordning for konfirmantåret

Dei som vart konfirmert i vår var dei fyrste til å følge den nye ordninga for konfirmantåret. No startar vi på hausten med lokale samlingar, felles kick-off og lokal overnattingstur. På våren deltek vi mellom anna på felles konftreff som førebuing av fasteaksjonen for Kirkens nødhjelp. Vi held fram med konfirmasjonsgudstenester på forsommaren, og så avsluttar vi med å reise på felles leir med andre konfirmantar frå Øvre Telemark når skulen tek ferie. Her er nokre bilete frå felles leir sommaren 2022.





# BARNAS



## Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!



## Finn fem feil!



Her forteller Jesus en historie til folket. De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre? Tegning: Asbjørn Tønnesen



## Vits

- Hvor kommer de våte fotsporene på teppet fra?  
- Jeg vet ikke. De har fulgt etter meg helt siden jeg hoppet i den sølepytten.

## Prikk til prikk



# Takk for di gåve!

Kyrkjebladet kjem ut med fire nummer i året. Arbeidet med tekstar og bilete vert gjort av frivillige, men vi kjøper tenester for design, trykking og distribusjon.

Utgiftene til dette er omkring 75 000 kr per år. Omkring 19 000 av desse gjeld distribusjon gjennom posten.

Vi set pris på alle som nyttar giroen eller vipsar for å betale ein frivillig abonnementsavgift.

Send valfritt beløp til konto **2660.45.14648**, eller gje di gåve på vipps til nummer **3850**. Her kan du velje kategori 5 for å gje til kyrkjebladet.



# Ei Amerika-reise

Tekst og foto: Jan Gunnar Haugen



To fornøgde frivillige

Mangt og mykje er skrivi om utvandringsa til USA på 1800 talet, røtene våre til det amerikanske folket og dei mange møtene mellom slekter i åra etterpå. I min eigen familie er det også slik. Mi mor (født Askedalen) hadde to tanter og ein onkel som alle reiste for å søke betre kår. Min eigen bestefar reiste også, men kom tilbake til heimlandet av ulike grunner. Nokre tankar om kvar ein «tilfeldigvis» veks opp kjem til ein når ein tenker på dette.

Då eine sonen vår valde å utdanne seg i USA, vart det til at vi reiste over i 2015. Dette førte då til møter med slekt og opplevingar av ulike slag, som gjorde til at tankar om ein ny tur dukka opp. Etter nokre år med pandemi vart det endelig anledning att i 2022. Med 16 dagar til rådigheit gjaldt det å planlegge godt for å sjå og oppleve mest mogleg.



Kviteseid Lutheran Church

Dei første dagane skulle vi vere i Virginia. Der blei det tid til besøk i spektakulære gruver, parkar, og museum med mykje borgarkrigshistorie, i tillegg til høgdepunktet med Graduation for sonen, etter 4 år på James Madison University. Så var det å sette seg på flyet som tok oss frå Washington DC og til Minneapolis. Timeplan og reiserute var klargjort på forhånd.

Første stopp var Delano, så Willmar. Etter Willmar og på veg til Milan måtte vi ha ein stopp i Norway Lake. Kyrkjer og kyrkjehistorie vil som leserane etterkvart vil sjå vera «tråden» i reisa vår vidare. Vi stoppa ved gamle East Norway Lake Lutheran church, som er eit resultat av historia om den vesle tettstaden Jericho. Her møtte vi to «typiske» kyrkje-gardsarbeidarar som jobba frivillig, utan lønn. Det såg ikkje ut til å prege humøret.

Ferda gjekk vidare til Milan. Her ligg som mange veit Kviteseid Lutheran Church. Som kyrkjetenar i Kviteseid har eg mang ein gong sett på bildet av denne inne i Kviteseid Gamle kyrkje. I ei reportasje i Varden frå 1965 står det å lese at Tov Lønnegrav frå Vrådal, saman med kona Ingeborg (f.Tverrstøyl) var med å bygge opp den gamle Kviteseid (Hvideseid) Church på denne plassen. Mangt og mykje fant vi som var knyta til Norge og Kviteseid. Dei hadde nettopp feira 17. mai og i ein liten butikk møtte vi ei svært engasjert dame. På veggen hang det måleri av «Kviteseidbyen», måla av bestefar hennar, og utvandringa i panoramabilde med Kviteseid Gamle kyrkje som starten i venstre biletakant. Tida gjekk fort her, men me kom oss etterkvart vidare til Morbridge, staden der den kjende høvding Sitting Bull haldt til. Stolt står han og speidar utover sitt rike.

Neste stopp på reisa vår var Hettinger. I VTB utgåva 8.juli 2021 har Øyvind T. Gulliksen ei reportasje der han skriv om Kviteseidgraver på prærien i Nord Dakota. Dette hadde vi også lest og ville sjå etter staden. Historia fortel om Kari Jordgrav (3 år) frå Kilen som utvandra med familien i 1843. 8 år seinare reiste Ole Rue (13 år) og familien, også frå Kilen, til det same området. Kari og Ole som hadde vore naboar i Kilen, møttest etterkvart i Hettinger, blei et par og gifta seg. Dei fekk 10 born. Rui folket (som blei til Rue) fant sin plass langt ute på prærien. Her var dei med å bygge opp «Immanuel norsk evangelisk luthersk

kirke» . Denne stod ferdig i 1923 , men har etter 1945 stått ubrukt. Etter litt vegleiing av lokale og ein del køyring på smale grusvegar fann vi kyrkja og til slutt gravplassane til Rue-folket. Bileta i den nevnte reportasja var også til stor hjelp. Desse bileta var det Larry Larson, oldebarnet til Kari og Ole Rue som hadde i sitt eige. Følelsen av verkeleg å vera på historisk grunn var merkbar. Eit absolutt høgdepunkt på turen.

Dei siste dagane av reiseruta vår inneholdt bl.a besøk i TH. Roosevelt sin nasjonalpark i Medora med bøffel, villhest, hjort og vill natur tett på. Vidare til Jamestown, Valley City (med overraskande slektsmøte på kyrkjegården for «frua» Aud), Fergus Falls, Glenwood og Minneapolis. Så ein flytur via Reykjavik tilbake til heimlandet, rike på naturopplevelinger, møte med slekt og venner og sist men ikkje minst, vandringer i historisk landskap.



Kviteseid gamle måla som ein del av utvandrarhistoria



Gravene til Ola og Kari Rue

# Formålet med Gamleveg.

## *Eit samferdselshistorisk kulturband i naturen.*

Tekst: Jon Ingebretsen

Fyrst og fremst er den tidlegare tiders einaste ferdsselsveg over Heia mellom Vrådal og Kviteseid ei interessant kulturhistorie om samferdsel før i tida.

Vegen har gjort teneste for samkvem og transport heilt tilbake til Bronsealderen, da folk ikkje lenger var veidefolk, men bufaste, og fram til 1857 da nåverande veg i Kviteseidkleivane var ferdig og klar for bruk.

Men Gamleveg er også eit avsnitt av den ferdsselsåra som Stavangerbispen rei når han skulle på visitas i Kviteseid og Seljord. Bispebrui i kleivane ber prov om det.

Vegen tente også som postveg og transportåre for varer og nokre friarføter og blei også nytta som tømmerveg.

Gamleveg har ei strategisk plassering fordi den går i den lågaste passhøgda og kortaste avstanden (4 km) mellom dei store vassdraga Skiensvassdraget (Telemarkskanalen) og Arendalsvassdraget (Nidelva).

Kva er så formålet med å ta vare på og bruke denne vegen? Fordi han er eit samferdselshistorisk «dokument» som eit kommunikasjonsband gjennom naturen, der ein ved å bruke vegen skånsamt i fritidssamanheng også tar vare på den mot forfall og attgroing. Ein måtte å få dette til på er ein årleg fellestur, til dømes som ei Olsokvandring, som var ein tradisjon dei fyrste åra, eller ein tur til eit eller anna

arrangement på Kviteseid Bygdetun. Sjølvsagt kan ein også gå sin eigen uorganiserte tur på heile eller deler av vegen, da det er tilkomst undervegs både på Heia (frå skytebanen) og ved Bispebrui (rastepllassen i Kleivane). I alle høve er turen lettast frå Vrådal (ved den tidlegare vegstasjonen) i slake motbakkar opp til Heia i staden for dei bratte bakkane opp frå bygdetunet.

Langs vegen er det mange interessante kulturminne, slik som gravrøyser frå langt attende i tid og husmannsplassar frå noko seinare tid.

Snauflatehogstane nær starten på Gamleveg både på Vrådal-sida og på Kviteseid-sida er utført på ein omsynsfull måte som gjer det opnare og ljósare med betre utsikt.

Heilt frå starten har rydding og anna vedlikehald av Gamleveg vore basert på friviljug dugnadsånd, noko som har variert opp gjennom åra etter at initiativet til synleggjering av vegen blei tatt for mange år sidan i sammråd med og etter avtale med grunneigarane. Interessa for bruk av vegen var stor dei fyrste åra, men har av ulike årsaker blitt mindre etter kvart. Målet må vera å vekke til live interessa for- og kunnskapen om Gamleveg att.

Nå er i alle fall vegen rydda og klar til bruk gjennom friviljug dugnadsinnsats som eit tiltak i Friviljugåret 2022!

# Nytt frå soknerådet

Tekst: kyrkjeverje Kristen Salmelid, foto: K. Salmelid og B. S. Sigurdsliid

**Straumprisane** kjem til å bli ei stor utfordring i vinter. Allereie i mai hadde vi bruka opp heile budsjettet for straum for dette året. Kyrkja er ikkje omfatta av nokon ordning med straumstønad anna enn kommunen. Søknad til kommune-styret om meir i stønad, vart avvist, så nå bruker vi av oppsparte midlar for å betale straumrekningane. Soknerådet er i gang med å sjå på tiltak for å spare straum. Temperaturen kan bli noko redusert, men det vert oppvarming. Vi spør oss kva anna vi kan gjere for å effektivisere bruken av kyrkjene og dermed redusera oppvarmingskostnadane. Soknerådet håper å unngå å stengje kyrkjer på det kaldaste i vinter.

**Nye omnar i Kviteseid kyrkje** har vore planlagd i eit par år, men nå er arbeidet med å montere dei i gang, så dette kom i rett tid. Omnane er finansiert med det årlege investeringstilskotet Kviteseid sokn får frå kommunen. Dei gamle svarte rør-omnane skal ut. I staden kjem over 100 nye omnar som skal monterast under alle benkene. Dei verkar slik at det blir golvet som varmast opp og blir 'varmekjelda'. Det skal gje ein veldig god varmekjensle.



Innsparingane får vi fordi omnane treng kortare oppvarmingstid. Vi slepp med det å få mykje varme samla oppunder taket som vi ikkje kan gjere oss nytte av. Kyrkja vert delt opp i ulike soner slik at vi kan varme opp avgrensa områder og benker. Alt dette kan styrast frå app og datamaskin når det står ferdig. Vi vonar å ha det nye varmesystemet i drift i løpet av oktober.



**Kilen kapell er malt.** Kapellet har i sommar blitt fornya med vask og fleire strøk maling. Her har alle tre kyrkjetenarane vore i aksjon og resultatet har blitt veldig fint. Bårehuset med toaletta har også fått eit strøk måling. Betongen i trappa var smuldra bort, men er nå fornya. Tre store bjørker vart tidlegare i år felt og mose fjerna frå taket.

**Dåpssakristiet i Vrådal er fornya på dugnad.** Stor takk til dei som har vore med på måling og møblering der! Kyrkjelydsutvalet fekk nytta pengar som sto att etter sundagsskulen der frå tidlegare år.

## LIVETS GANG

### Døpte

#### Kviteseid:

Molla Priscilla Naserian

Jebsen

Calisi Astrid Halén Axelsson

Liam Aleksander Suderevski

Timland

#### Vrådal:

Henning Eilefsen Strand

### Vigde

#### Brunkeberg:

Kjersti Nordskog og

Odd Øystein Sørbye

Helene Gjerlid Brobakken og

Asle Groven Opsund

Mariken Mostøy og Gunnar

Bjåland

### Fjågesund:

Stefanie Grace Genove

Fernandez og Gunnar Salmelid

Ann Iren Dale og Tore Odd

Øigarden

### Kilen:

Laila Pitt og

Tore Kjell Ragnar Trinborg

### Kviteseid:

Solveig Syrtveit Mikalsen og

Ole-Markus Almli Asmussen

### Vrådal:

Yoomin Park og

Geir Osmund Aamlid

Stine Beate Holmleid og

Martin Johan Schønning Sture

### Døde

#### Brunkeberg:

Torgeir Gjelstad

Ingebjørg Lovise Lundeberg

Eivind Groven

Gro Anette Bakken

Tone Omtveit

Terje Slang

#### Kviteseid:

Inger-Elisabeth Brekke

Kate Vigdis Sundsbarm

Knut Skarprud

### Vrådal:

Asgerd Grave

Arild Jan Feldborg

Gunhild Marie Biskeli

## Adventskonsertar i Vrådal og Kviteeid

Det er tre år sidan sist, men denne jola trur me på at me igjen kan invitere til stor adventskonsert i **Kviteseid kyrkje**, der alle bygda sine kor saman med hornmusikken skapar god førjolsstemning. Tradisjonen tru skjer dette tredje sundagen i advent, **sundag 11. desember**. Det blir sjølvsagt og høve til å syngje med, og Møyfrid held andakt.

Variert og fin jolemusikk blir det og **torsdag 1. desember i Vrådal kyrkje**. Då vil Haugen og Ajer band, med Jan Haugen, Olav Ajer, John Trygve Bakke, Erling Eriksen og Kristin Kleiv halde adventskonsert. Randi Strømsvik deltek og med song.

Vel møtt til advents- og jolemusikk i kyrkjene våre, spelt av lokale aktørar. Det er duka for gode musikkopplevelingar!



# OPPSLAGSTAVLA

## Dåp- konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)

## Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

## Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

## Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

## Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på [kirken.no/minside](http://kirken.no/minside). Tilboden er ope òg for føresette som ikkje sjølv er medlem.

## Føremiddagstreff

Onsdag 26. oktober

kl. 11 på misjonshuset

Onsdag 23. november

kl. 11 på misjonshuset

Onsdag 7. desember

kl. 11 adventssamling for eldre i

Kviteised kyrkje

## Felles bøn for Kviteeid

25. oktober kl. 18 på Misjonshuset

22. november kl. 18 på Misjonshuset

## Kyrkjelydsbasar

Laurdag 26. november på Misjonshuset

## Misjonshuset

18. oktober – fellesskapskveld kl. 19, Edgar Gamst Kristoffersen

23. oktober – 0-100 kl. 17, Leif Holte

30. oktober – 0-100 kl. 17, Kristian Espeland

1. november – tysdagsmøte kl. 19.30, Møyfrid Lunde

8.-13. november – Møteveke, Stein Raunehaug

13. november familiemøte kl. 11.

15. november – tysdagsmøte kl. 19.30, Kjell Johan Nenseter

20. november – 0-100 kl. 11, Kjell Arne Norum

22. november – tysdagsmøte kl. 19.30, Kjell Arne Norum

29. november – tysdagsmøte kl. 19.30, Linn Marita Kyrvestad

4. desember – adventsfest kl. 17, Livar Veggeland

6. desember – tysdagsmøte kl. 19.30, OleAndre Eliassen

13. desember – tysdagsmøte kl. 19.30, songmøte

# Gudstenesteliste

## OKTOBER

**Sundag 16.** Inga gudsteneste

**Sundag 23. 20. sundag i treeiningstida –**

Matt 18,1-11

*Vrådal kyrkje* kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Utdeling av 4-årsbok.

Møyfrid Lunde. Ofr. TV-aksjonen

**Sundag 30. Bots- og bønedag – Luk 15,11-32**

Kviteseid kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste,

Møyfrid Lunde.

## NOVEMBER

**Sundag 6. Helgemesse**

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00. Gudsteneste,

Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein.

Vi minnest dei som det er halde gravferd for siste år.

Open kyrkje på ettermiddagen, sjå annonse.

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt

**Sundag 13. 23. sundag i treeiningstida –**

Matt 24,35-44

*Fjågesund kyrkje* kl. 11.00. Gudsteneste,

Møyfrid Lunde.

Ofr. Kyrkjelydens arbeid

**Sundag 20.** Inga gudsteneste

**Sundag 27. 1. sundag i advent – Matt 21, 1-11**

*Brunkeberg kyrkje* kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Utdeling av adventskalender til 5-åringar,

presentasjon av konfirmantane. Møyfrid Lunde.

Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid

## DESEMBER

**Sundag 4. 2. sundag i advent – Joh 14,1-4**

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00. Familiegudsteneste.

Møyfrid Lunde

Ofr. Kvitsundrussens misjonsprosjekt

**Sundag 11. 3. sundag i advent**

Kviteseid kyrkje Adventskonsert

Kor og korps deltek.

Kollekt, Sjå eiga annonsering

**Sundag 18. 4. sundag i advent – Luk 1,46-55**

Kilen kapell kl. 16.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde

Ofr. Kirkens Nødhjelp

**Laurdag 24. joleftan – Luk 2,1-20**

*Fjågesund kyrkje* kl. 12.45

*Vrådal kyrkje* kl. 14.30

*Brunkeberg kyrkje* kl. 15.00

*Kviteseid kyrkje* kl. 16.15

**Sundag 25. juledag – Joh 1,1-14**

*Kviteseid kyrkje* kl. 11.00.

*Vrådal kyrkje* kl. 13.30

Høgtidsgudstenester. Møyfrid Lunde

Ofr. Det norske misjonsselskap (NMS)

**Laurdag 31. desember Nyttårseftan**

– Luk 13,6-9

*Kviteseid kyrkje* kl. 23.15. Gudsteneste

Møyfrid Lunde